

Saknummer: 09/144  
Løpenummer: 890/09  
Arkivkode: 033 &17  
Saksbehandlar: Harald Haugejorden

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
1/09	Kommunestyret	18.02.2009

### SKRIV OG MELDINGAR

*Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- 

#### **Oversyn over framlagde skriv og meldingar:**

1. Oppfølging etter Vest Tank-eksplosjonen – Kopi av skriv frå SFT, datert 02.02.09
2. Invitasjon til Earth Hour – skriv frå WWF, datert 29.01.09
3. Årsrapport for 2008 – skatteoppkrevjaren i Gulen kommune, datert 20.01.09

#### **Behandling og vedtak i Kommunestyret, 18.02.2009:**

Ingen merknader.

Saknummer: 09/56  
Løpenummer: 877/09  
Arkivkode: A10  
Saksbehandlar: Kari Brekken

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
5/09	Hovudutval for oppvekst	03.02.2009
2/09	Kommunestyret	18.02.2009

### REVISJON AV VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR

*Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Barnehagane

#### **Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:**

##### **Sakstfang:**

Utsende vedlegg:

- Framlegg til reviderte vedtekter for kommunale barnehagar.
- Brev frå KD: Rett til barnehageplass – informasjon til kommuner og fylkesmenn

##### **Saksutgreiing:**

Vedtektene for kommunale barnehagar vart sist revidert våren 2005, og det er trong for nokre oppdateringar.

Spesielt gjeld dette tilpassing av opptaksreglar, når det no er innført individuell rett til barnehageplass. Den lovfesta retten gjeld plass der det er søkt innafor fristen for hovudopptaket, og barnet fyller 1 år innan utgangen av august.

Det er høve for kommunen til å vedtektsfeste betre reglar, for eksempel at retten gjeld for barn som fyller 1 år seinare på året, eller at vi har 2 hovudopptak, der dei som fyller år seinare får rett til plass for eksempel frå 1. februar.

Administrasjonen vil tilrå at vi held oss til minimumsreglane i lova. Betre reglar kan medføre at vi må ha fleire plassar ståande ledige i hausthalvåret, for å kunne innfri rettane. Vi har løpande inntak til eventuelle ledige plassar. I dei fleste tilfella har vi nok ledig kapasitet til å ta inn dei som søker i løpet av året, men rett til plass kan gi oss for store utfordringar i enkelthøve.

Rett til plass gjeld når barnet startar i august. Vi har ofte søknader der det er ynskje om start først året etter. Til no har vi ikkje hatt reglar for korleis vi skal handtere slike søknader.

Administrasjonen føreslår at plassen som vert tildelt ved hovudopptaket, må vere teken i bruk seinast 15. desember. Dette har samband med reglar for statstilskot. Søknad om oppstart seinare, vert føreslått handsama i løpande opptak, i lag med søknader som kjem inn etter fristen.

Det er ikkje lovfesta at ein har rett til plass i den barnehagen ein ynskjer. Kommunen kan såleis oppfylle lovkravet dersom vi tildeler plass i ein av barnehagane. Det er heller ikkje sagt noko om kor stor plass barnet har rett på. Lovkravet kan derfor vere oppfylt om barnet får tildelt plass 3 dagar pr. veke, sjølv om det er søkt om heil plass.

Administrasjonen vil tilrå at vi her innfører betre reglar, slik at retten gjeld plass i den skulekrinsen barnet bur i, og det tal dagar det vert søkt om.

Foreldre kan søkje om plass i ein anna skulekrins enn der dei bur. Det vert tilrådd at slike søknader vert prioritert bak søkjarar frå eigen skulekrins.

Det vert også føreslege nokre justeringar i punktet om foreldrebetaling. Etter innføring av maksimalpris, er det mindre behov for reglar om korleis kommunen skal fastsetje sine betalingsssatsar.

#### **Framlegg til vedtak:**

Framlegg til nye vedtekter, datert 15.01.09, vert godkjent.

#### **Behandling og vedtak i Hovudutval for oppvekst, 03.02.2009:**

##### **Røysting:**

Samrøystes.

##### **Vedtak:**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

#### **Behandling og vedtak i Kommunestyret, 18.02.2009:**

##### **Røysting:**

Samrøystes.

##### **Vedtak:**

Hovudutvalet for oppvekst sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 09/53  
Løpenummer: 879/09  
Arkivkode: 144 A00  
Saksbehandlar: Kari Brekken

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
3/09	Hovudutval for oppvekst	03.02.2009
3/09	Kommunestyret	18.02.2009

### PLAN FOR OVERGANGAR I BARNEHAGE OG SKULE

*Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Skulane
- Barnehagane
- Austrheim og Dale vid.gående skular
- PPT

#### Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

##### **Sakstilfang:**

Utsende vedlegg:

- Framlegg til kommunal plan

Ikkje utsende vedlegg:

- Frå KD: Frå eldst til yngst – veileder
- Div innspel

##### **Saksutgreiing:**

Plan for overgangane frå barnehage til grunnskule og vidaregåande skule er laga for å sikre god kontinuitet og heilskap i utdanningsløpet. Det er nødvendig at ulike fagpersonar samarbeider, for at barna skal oppleve eit heilskapleg og utviklande tilbod. God medverknad frå dei føresette er avgjerande. Barn og unge skal oppleve at opplæringstilboda heng saman, og at kvar enkelt vert i vareteken ut frå egne føresetnader og behov.

Den kommunale planen er ein rammeplan som skal sikre at samarbeidet omfattar alle barn i Gulen kommune. Kvar skule/barnehage må i tillegg utarbeide egne årsplanar med konkrete tiltak, som må tilpassast lokale tilhøve.

Planen har vore ute på høyring til barnehagane og skulane. Det kom inn nokre få innspel, som er innarbeidd i planen.

Det står enno att noko fellesarbeid og avklaringar før planen er klar til bruk. Viktigast her er å utarbeide innhaldsliste og prinsipp for overleveringsmapper. Dette vil det bli arbeidd med både i kommunale nettverk og i HAFS, og målsetjinga er at arbeidet skal vere gjort før sommarferien.

**Framlegg til vedtak:**

Plan for overgangar mellom barnehage – skule – vidaregåande opplæring vert godkjend.

**Behandling og vedtak i Hovudutval for oppvekst, 03.02.2009:**

**Røysting:**

Samrøystes.

**Vedtak:**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

**Behandling og vedtak i Kommunestyret, 18.02.2009:**

**Røysting:**

Samrøystes.

**Vedtak:**

Hovudutvalet for oppvekst sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 09/51  
Løpenummer: 880/09  
Arkivkode: 035  
Saksbehandlar: Kari Brekken

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
4/09	Hovudutval for omsorg	03.02.2009
2/09	Hovudutval for oppvekst	03.02.2009
4/09	Kommunestyret	18.02.2009

### **KLAFF - TVERRFAGLEG SAMARBEIDSGRUPPE**

*Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Helsestasjon
- PPT
- Sosial- og barnevernsleiar

### **Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:**

#### **Sakstilfang:**

Utsende vedlegg:

- Merknader frå tilsyn

Ikkje utsende vedlegg:

- Rettleiar frå KS: Tieleplikt og samhandling i kommunalt arbeid for barn – ungdom – familiar.

#### **Saksutgreiing:**

Gjennom ulike særlover, har kommunen ansvar for eit breitt spekter av tenester til barn og unge.

- Grunnskule, barnehage og helsestasjon yter tenester som omfattar alle.
- PPT har som hovudoppgåve å hjelpe barnehagar og skular med tilrettelegging av opplæring for barn med særlege behov. I tillegg er dei tillagt oppgåva med å gi sakkunnig vurdering når barn/unge/vaksne har behov for spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp.
- Barnevern er ei teneste til dei barna som har behov for det.
- Helsetenestene fastlege og psykiatrisk helsearbeid har også ansvar for tenester til barn og unge.
- NAV har oppgåver som vedkjem barn og unge, særleg innafor sosialtenesta og trygd.

Utanom skule og barnehage, er alle desse tenestene små i Gulen kommune, med 1 - 2 tilsette i kvar. Gjennom interkommunalt samarbeid har nokre tilsette gode nettverk med andre innafor same arbeidsfeltet, men er likevel ofte åleine om ansvaret for tiltaka.

Dei fleste tenestene er heimla i egne særlover. Tradisjonelt har dei også arbeidd kvar for seg, ofte utan å vite så mykje om kva oppgåver andre har, og kva tenester som vert ytt frå andre, til same personane. Alle særlovene har også strenge bestemmelsar om teieplikt, som ofte har vore sett på som eit hinder for samarbeid.

Etter kvart er behovet for samhandling vorte klarare. Særlovene har no egne avsnitt som meir eller mindre pålegg dei ulike tenestene å samarbeide med andre.

Teieplikt kan framleis vere eit hinder. Ulike tenester har ulik grad av teieplikt ovafor andre teneste-ytarar. Men for alle gjeld at utveksling av informasjon kan gjerast dersom den det gjeld, eller dei føresette, gir sitt samtykkje.

For alle gjeld også at saker kan drøftast anonymt. Dette kan av og til vere vanskeleg, sidan kommunen er så liten og oversiktleg.

Dersom ein har godt samarbeid med brukarane, går det som regel greit å få samtykkje til informasjonsdeling. Dei fleste ser fordelene med at ulike instansar kan samhandle.

KLAFF-gruppa har eksistert i kommunen i ca 10 år, med nokre avbrot. Gruppa kom i stand etter initiativ frå enkeltpersonar som er tilsette i barnevern, PPT og helsetenester, og har vore til stor nytte i mange samanhengar, både for deltakarane, og for mange brukarar.

Problemet med slik uformell organisering av samarbeidsgruppe, er at den vert avhengig av enkeltpersonane som deltek. Når nokon har permisjon eller sluttar, opphøyrer arbeidet. Ved å forankre samarbeidsgruppa i eit politisk vedtak og at deltakarane vert utpeika som representantar for tenester, vert arbeidet meir forpliktande og mindre sårbart. Når ein medlem går ut, har den aktuelle leiaren for tenesta ansvar for å peike ut ein ny. Arbeidet kan også fordelast på alle som arbeider i ei teneste, og det kan slik bli fleire som får auka kompetanse på tverrfagleg arbeid.

Gruppa bør ha nokre føringar for arbeidet. Det bør presiserast at hovudoppgåva er å gi råd, rettleiing og faglege innspel. Einingsleiaren eller andre har framleis ansvar og mynde innafor sine område som før.

Det bør også utarbeidast skriftlege rutinar for samhandlinga mellom KLAFF og dei ulike einingane. Rutine-utarbeiding er eit administrativt ansvar.

### **Framlegg til vedtak:**

1. Gulen kommune skal ha eit samarbeidsforum mellom desse tenestene:  
PPT, barnevern, helsestasjon. Tilsette innan psykisk helsearbeid, lege og NAV møter, når det er naturleg ut frå sakene som skal drøftast.  
Samarbeidsforumet får nemninga KLAFF.
2. Føremålet med KLAFF er
  - at kommunen vert best mogeleg i stand til å yte gode tenester til barn og unge
  - å legge til rette for at krav til samarbeid, som kjem fram i ulike lover og forskrifter om kommunale tenester, vert oppfylt.
3. KLAFF skal ha desse hovudoppgåvene:
  - Gi råd og rettleiing til andre, både kommunalt tilsette og andre personar som har bekymringar knytt til barn og unge sine oppvekstvilkår.
  - Gi råd, rettleiing og informasjon til kvarandre om enkeltpersonar der fleire eller alle er involverte som tenesteytarar
  - Vere arena for faglege drøftingar/kollegialt støtteforum for deltakarane.
  - Ta initiativ til fellestiltak som kan komme grupper av barn/unge til gode

4. KLAFF har til vanleg 8 møte pr. år, etter oppsett møteplan. Ved behov, kan gruppa ha ekstramøte. KLAFF skal legge eitt møte pr. år til kvar skule.  
Det skal utarbeidast skriftlege rutiner for samhandling mellom offentlege einingar og KLAFF.
5. Avgrensingar:
- Drøftingar skal vere anonyme, dersom det ikkje føreligg samtykkje.
  - KLAFF er ei rådgivingsgruppe, og skal ikkje gjere enkeltvedtak eller ta over ansvar. Dette ligg til einingsleiar/tenesteleiar som før.
  - KLAFF kan ikkje setje i gang opplegg som har økonomiske konsekvensar, før dei har fått klarsignal frå berørte einingsleiarar, eller det er gjort politiske vedtak.

#### **Behandling og vedtak i Hovudutval for omsorg, 03.02.2009:**

##### **Nye framlegg:**

##### **Røysting:**

Samrøystes.

##### **Vedtak:**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

#### **Behandling og vedtak i Hovudutval for oppvekst, 03.02.2009:**

##### **Røysting:**

Samrøystes.

##### **Vedtak:**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

#### **Behandling og vedtak i Kommunestyret, 18.02.2009:**

##### **Røysting:**

Samrøystes.

##### **Vedtak:**

Hovudutvalet for omsorg sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 09/98  
Løpenummer: 881/09  
Arkivkode: G10  
Saksbehandlar: Ingebjørg Søreide

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
5/09	Hovudutval for omsorg	03.02.2009
6/09	Hovudutval for oppvekst	03.02.2009
5/09	Kommunestyret	18.02.2009

### **PROGRAM FOR FORELDRE RETTLEIING**

*Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Sosial og barnevernstenesta
- Helsestasjon
- Skulane
- Barnehagane
- PPT
- Skulehelsetenesta

### **Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:**

#### **Sakstilfang:**

Utsende vedlegg:

- Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat): Om program for foreldre rettleiing (utskrift frå nettet)

#### **Saksutgreiing:**

Foreldre rettleiingsprogrammet vart sett i verk av Barne- og familiedepartementet i 1995 som oppfølging av Nasjonal plan for barnevernet. Programmet er ein del av "Aksjonsprogrammet Barn og helse". Ansvar for fagleg utvikling er tillagt barne- ungdoms- og familiedirektoratet i samarbeid med Sosial- og helsedirektoratet og Utdanningsdirektoratet. I løpet av 2010 skal alle foreldre i landet få tilbod om å delta i grupper.

Programmet er eit gratis lavterskeltilbod til alle foreldre med barn i alderen 0-18 år, og har som mål å styrke omsorga og oppveksten for barn og unge.

Foreldre rettleiinga byggjer på ICDP- programmet (International Child Development Programme). Målet med programmet er å styrke foreldra si tru på seg sjølve og sine egne vurderingar. Foreldra skal verte medvitne om egne verdiar og oppfatningar i høve til barna og oppseding, og om korleis desse oppfatningane vert omsett i praksis.

Programmet fokuserar på foreldra sine ressursar, og ikkje feil og manglar.

Tilbodet om foreldre rettleiing vert gjeve i grupper. To fagpersonar frå ulike kommunale tenester skal leie gruppa slik at erfaringar og synspunkt kan skje på ein god måte. Dei skal ikkje vere ekspertar som skal gje dei rette svara.

Opplæringa av fagpersonar vert gjeve av Bufetat, med tilbod om årleg oppgradering/rettleiing. Det vert lagt vekt på at gruppeleiarane har ei tverrfagleg samansetjing.

Pr. 01.01.09 er det utdanna seks foreldrerettleiarar. I desse dagar er det ei gruppe av foreldre som får rettleiing. Målet er å få utdanna foreldrerettleiarar frå alle krinsane i Gulen. Dette vil føre til mindre reisetid for rettleiarane. Det er ynskjeleg med to grupper for året med seks samlingar. Det er alltid to rettleiarar på kvar gruppe.

For at flest mogeleg av foreldra skal ha høve til å ta del i gruppene må samlingane vere om kvelden.

Det vert lagt stor vekt på at gruppeleiarane skal ha ei tverrfagleg samansetjing, og det må vere sett av tid og rom for opplæring og rettleiing. For å få dette til må programmet ha støtte frå politisk og administrativ leiing i kommunen. Kvar eining må budsjettere med kostnadar for sine tilsette som skal vere gruppeleiarar.

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Alle foreldre med barn mellom 0-18 år skal få tilbod om å delta i grupper innan 2010.
2. Kvar gruppe skal vere leia av to kommunalt tilsett med tverrfagleg bakgrunn.
3. Kvar eining må syte for å leggje tilhøva til rette for at gruppeleiarane får avsett tid og rom til arbeidet.
4. Kvar eining må setje av løns- og vikarmidlar til tiltaket.

#### **Behandling og vedtak i Hovudutval for oppvekst, 03.02.2009:**

##### **Røysting:**

Samrøystes.

##### **Vedtak:**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

#### **Behandling og vedtak i Hovudutval for omsorg, 03.02.2009:**

##### **Nye framlegg:**

Frå Arve Mjømen (H):

Punkt 4: Det må innanfor kvar eining finnast dekking for utgiftene.

##### **Røysting:**

Samrøystes for Arve Mjømen (H) sitt framlegg.

##### **Vedtak:**

1. Alle foreldre med barn mellom 0-18 år skal få tilbod om å delta i grupper innan 2010.
2. Kvar gruppe skal vere leia av to kommunalt tilsette med tverrfagleg bakgrunn.
3. Kvar eining må syte for å leggje tilhøva til rette for at gruppeleiarane får avsett tid og rom til arbeidet.
4. Det må innanfor kvar eining finnast dekking for utgiftene.

#### **Behandling og vedtak i Kommunestyret, 18.02.2009:**

##### **Røysting:**

Samrøystes.

##### **Vedtak:**

Hovudutvalet for omsorg sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

---

Saknummer: 08/805  
Løpenummer: 882/09  
Arkivkode: G24  
Saksbehandlar: Ingebjørg Søreide

## **MØTEBOK** **Gulen kommune**

<b>Saknummer</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
<b>2/09</b>	<b>Hovudutval for omsorg</b>	<b>03.02.2009</b>
<b>6/09</b>	<b>Kommunestyret</b>	<b>18.02.2009</b>

### **KJØP AV JORDMORTENESTER**

*Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Masfjorden kommune, 5981 Masfjordnes
- Høyanger kommune, Postboks 159 Høyanger
- Kommunelegane i Gulen, 5966 Eivindvik

### **Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:**

#### **Sakstilfang:**

Utsende vedlegg:

- Skriv frå Masfjorden kommune med tilbod om jordmorsamarbeid, datert 04.11.2008
- Skriv frå Høyanger kommune med forslag til vilkår for utleige, datert 27.11.2008

Ikkje utsende vedlegg:

- Kommunehelselova

#### **Saksutgreiing:**

Jordmortenesta er ei lovpålagt teneste for kommunen. Gulen kommune har sidan hausten 2007 vore utan tilsett jordmor. Gravide i Gulen har i denne perioden nytta legane til oppfylging og konsultasjonar. Ein del gravide busette i Gulen har også vore til konsultasjon hos jordmor i Masfjorden. Ordninga med Masfjorden har ikkje vore formalisert, og det har ikkje vore informert om dette tilbodet til gravide i Gulen.

Grunna redusert fødselstal har Gulen kommune vore i kontakt med nabokommunane om kjøp av 20% jordmorstilling som eit alternativ til eiga jordmor for Gulen.

Gulen kommune har motteke tilbod om kjøp av jordmortenester frå Masfjorden og Høyanger kommunar.

I tilbodet frå Høyanger kommune er det innrekna i arbeidstida køyretid Kyrkjebø – Brekke t/r med ca. 3 timar pr. dag. Dersom det vert for lite jordmortimar med denne ordninga kan Høyanger alternativt tilby jordmortenesta frå Lavik helsesenter som vil gi 1,5 timar køyretid pr. dag.

Masfjorden kommune tilbyr oppfølging av planlagde konsultasjonar på Helsetunet på Hosteland. Til vanleg er det jordmor tilstades ein dag i veka. For Masfjorden kommune vil dette krevje ei styrking på 10% stilling jordmor og 10% hjelpepersonell (bioingeniør).

Tilbodet frå Høyanger vil føre til at gravide frå Gulen må reise til Lavik for konsultasjonar. Alternativet i Brekke vil grunna køyretid føre til at nærmare halve arbeidstida for jordmor går med til køyring. For mange gravide i Gulen vil det verte lang reisetid til konsultasjon i Lavik.

Tilbodet frå Masfjorden kommune er splitta opp i kjøp av jordmortenester og hjelpepersonell. For gravide i Gulen er Hosteland nærare geografisk, og mange gravide nyttar allereie tilbodet.

Utifrå ei samla vurdering vil administrasjonen tilrå samarbeid om jordmorteneste med Masfjorden kommune.

**Framlegg til vedtak:**

1. Gulen kommune inngår avtale med Masfjorden kommune om kjøp av 20% jordmorteneste.
2. Avtalen gjeld oppfølging av planlagde konsultasjonar på Helsetunet på Hosteland.
3. Avtalen skal inngåast for 2 år.
4. Avsette midlar i budsjettet for 2009, ansvar 310 teneste 23230, skal nyttast til å finansiere avtalen.

**Behandling og vedtak i Hovudutval for omsorg, 03.02.2009:**

**Nye framlegg:**

**Røysting:**

Samrøystes.

**Vedtak:**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

**Behandling og vedtak i Kommunestyret, 18.02.2009:**

**Røysting:**

Samrøystes.

**Vedtak:**

Hovudutvalet for omsorg sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 08/719  
Løpenummer: 883/09  
Arkivkode: 242 U  
Saksbehandlar: Harald Haugejorden

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
8/09	Formannskapet	05.02.2009
7/09	Kommunestyret	18.02.2009

### KOMMUNALT NÆRINGSFOND - ÅRSRAPPORT 2008

*Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune, Regionalavdelinga, Askedalen 2, 6863 Leikanger

#### **Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:**

##### **Sakstilfang:**

Utsende vedlegg:

- Skriv frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, datert 11.01.09
- Rekneskap for næringsfondet 2008, datert 28.01.09
- Årsrapport for næringsarbeidet 2008
- Kommuneplanen, handlingsplan 207-2011

Ikkje utsende vedlegg:

- Skriv frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, datert 24.10.08
- Tilsegnsskriv frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, datert 16.05.08

##### **Saksutgreiing:**

Årsrapportering er eit av fire krav for å få årleg påfylling til det kommunale næringsfondet. I tillegg må kommunen ha: utarbeidd retningsliner for bruk og forvaltning av fondet, eit næringsapparat og utarbeidd ein strategi for næringsutvikling.

Administrasjonen vurderer at vedlagte årsrapport gjev uttrykk for at prioriteringane har vore i samsvar med styringsdokumentet for næringsarbeidet, som er handlingsplanen i kommunedelplanen.

Organiseringa av det lokale næringsapparatet er no i støypeskeia, med to nye lokale aktørar (GMU AS og Gulen Næringsforum) og ein "ny" regional aktør (Regionrådet Nordhordland IKS) i tillegg til kommunen og etablerte samarbeidspartar. Når leiar for GMU AS er tilsett, bør rollene avklarast med sikte mot å få til eit mest mogleg slagkraftig næringsarbeid.

Fylkeskommunen har vedteke nye retningsliner for næringsfonda, som går vekk frå lik påfylling pr kommune, og innfører 70% lik påfylling og 30% etter folketal. Dette vil gje noko

mindre årleg påfylling til Gulen kommune. I tillegg er det fastsett nye kapitalgrenser i høve til Innovasjon Norge; kr 500 000 i staden for kr 150 000 når det gjeld fysiske investeringar, og kr 100 000 i staden for kr 80 000 når det gjeld bedriftsutviklingstiltak. Med mindre årleg påfylling, og samstundes høgare kapitalgrenser, er det ikkje mogleg å halde fram med noverande prosentvise støttenivå. Administrasjonen tilrår difor å avgrense maksimalt tilskot til fysiske investeringar til kr 50 000.

**Framlegg til vedtak:**

1. Gulen kommune godkjenner årsrapporten for næringsfondet 2008.
2. Strategiane for næringsutvikling, slik dei framgår av kommuneplanen sin handlingsplan 2007-2011, skal liggje fast i 2009. Rullering av planen bør fokusere på framskriving av konkrete tiltak i planen i høve til framdrift.
3. Avklaring av roller og oppgåvefordeling i det lokale næringsarbeidet bør ta til straks ny leiar for GMU AS er tilsett.
4. Maksimalt tilskot til fysiske investeringar skal vere kr 50 000. Noverande retningsliner for næringsfondet skal elles vidareførast.

**Behandling og vedtak i Formannskapet, 05.02.2009:**

**Røysting:**

Samrøystes.

**Vedtak:**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

**Behandling og vedtak i Kommunestyret, 18.02.2009:**

**Røysting:**

Samrøystes.

**Vedtak:**

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 09/157  
Løpenummer: 884/09  
Arkivkode: Q10 &46  
Saksbehandlar: Geir Haveland

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
10/09	Formannskapet	05.02.2009
8/09	Kommunestyret	18.02.2009

### FORDELING AV EKSTRA VEDLIKEHALDSMIDLAR 2009

*Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Kyrkjeverja, her
- Einingsleiarane (e)

#### Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

##### **Sakstilfang:**

Vedlegg:

- Liste med Fordeling av ekstramidlar til vedlikehald 2009
- Liste over innkomne saker angående vegtiltak
- Oversikt grusvegar aktuelle for fast dekke
- Søknad frå Kyrkjeleg felleusråd, datert 05.02.09

##### **Saksutgreiing:**

Kommunestyret auka budsjett for 2009 med kr 1.000.000 til ekstraordinært vedlikehald for ansvar 620, primært til byggvedlikehald. Vidare løyvde staten den 26. januar 2009 kr 2.222.000 til Gulen kommune som vedlikehaldstilskot. Post for ekstraordinært vedlikehald er totalt kr 3.222.000. Vedlegg viser detaljert fordeling av vedlikehaldsmidlar.

##### **Framlegg til vedtak:**

Fordeling av ekstra vedlikehaldsmidlar på kr 3.222.000 i 2009 vert slik:

- Gulen kyrkjeleg felleusråd Kr. 95.000,-
- Vedlikehald kommunale kaier Kr. 100.000,-
- Vedlikehald kommunale vegar Kr. 1.777.000,-
- Vedlikehald og utvikling kommunale bygg Kr. 1.250.000,-

#### Behandling og vedtak i Formannskapet, 05.02.2009:

##### **Røysting:**

Samrøystes.

**Vedtak:**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

**Behandling og vedtak i Kommunestyret, 18.02.2009:****Nye framlegg:**Frå H v/Ivar Eide:

Tillegg: Vegen frå RV 57 til Dalsøyra skule må ferdigstillast med fast dekke og sikring.

Frå V v/Dagfinn Midtun:

Tillegg: Hågjen/Opdalsøyra, forskottert sum kr 50 000, vert å føre til vedlikehaldslista for refusjon til Oddbjørn Opdal i løpet av 2009. Total sum til vedlikehald vert auka med kr 50 000.

Frå SP v/Øyvind Lid:

Kommunen set opp gjerde på støypekant Furnes (fylkesveg) på ca. 100 m for å bedre sikkerheita for trafikkantane som dagleg brukar vegen. Sidan dette pr dato er fylkesveg blir dette ei utgift som kommunen i etterkant må krevje att frå fylket.

**Røysting:**

Det vart røysta punktvis.

Administrasjonen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tillegget frå H vart vedteke mot 3 røyster (Brosvik og Wilberg, KRF, og Midtun, V).

Tillegget frå V vart samrøystes vedteke.

Tillegget frå SP vart vedteke mot 8 røyster (KRF og V).

**Vedtak:**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak, med tillegga frå H, V og SP, vert godkjent.

Saknummer: 08/666  
Løpenummer: 885/09  
Arkivkode: 614 A10  
Saksbehandlar: Geir Haveland

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
9/09	Kommunestyret	18.02.2009

### **BYRKNES BARNEHAGE: REHABILITERING/NYBYGG 2008**

*Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Skatt- og rekneskapsavdelinga, her (for budsjettregulering)

#### **Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:**

##### **Sakstilfang:**

Utsende vedlegg:

- Kostnadsversikt med kommentarar
- Teikningar for tilbygg og rehabilitering

Ikkje utsende vedlegg:

- K.sak 100/06

##### **Saksutgreiing:**

Administrasjonen og byggenemnda har sidan mars 2007 arbeidd med å få til ei løysing for utbygginga av Byrknes barnehage i samsvar med vedtak i kommunestyret, sak 0100/06:

1. *Det skal byggjast/rehabiliterast areal til 18 plassar ved Byrknes barnehage.*
2. *Utbeingsarbeidet skal skje ved å rehabiliterare den gamle lærarbustaden, og byggje nytt tilbygg på tomten der brakkene no står. Brakkene vert rivne, evt. selde til høgstbydande.*
3. *Netto areal på barnehagebygget vert sett til 150 m<sup>2</sup>. Framlegg til romprogram vert godkjent. Det skal leggast vekt på å finne løysingar som aukar bruk av felles ressursar/rom*
4. *Det vert løyvd kr 1,9 mill. til prosjektet på investeringsbudsjett for 2007.*
5. *Formannskapet får fullmakt til å oppnemne byggenemd.*

Kostnadsverslaget i utgreiinga til saka såg slik ut:

Rehabilitering 90 m <sup>2</sup>	Kr. 700 000
Nybygg 60 m <sup>2</sup>	Kr. 900 000
Inventar	Kr. 100 000
Tilrettelegging ute	Kr. 50 000
<u>Uføresett</u>	<u>Kr. 150 000</u>
Samla	kr. 1 900 000

Etter første anbudsrunder i 2007 med tilbygg på 60 m<sup>2</sup> og totalrehabilitering av eksisterande bygg på 90 m<sup>2</sup>, fekk ein inn berre eitt pristilbod på om lag kr. 4,6 mill. inkl. mva.

For å prøve å redusere kostnaden la byggenemnda opp til å dele tiltaket i ein tilbyggsdel og ein rehabiliteringsdel, dette vart sendt ut på anbod i april 2008. Lågaste innkomne tilbod var på om lag kr. 3,2 mill. inkl. mva. Dette tilbodet vart gjeve samla for tilbygget og rehabilitering av eksisterande bygg. Etter samtale med tilbydaren fekk ein opplyst at kostnaden med tilbygget åleine kunne lande på mellom 1,9 og 2,0 mill., dersom vassboren varme vart trekt ut. Ein fekk og inn tilbod frå anna tilbydar på tilbygget åleine, dette var på kr. 2,65 mill. inkl. mva.

I ksak.39/08 vart investeringsbudsjettet auka slik at ramma for bygginga vart kr. 2,1 mill. inkl. mva. for tiltaket, inkludert kostnader til inventar og uteområde (kr. 200.000,-).

Etter dette har byggenemnda vurdert å gjennomføre prosjektet i eigenregi med delt entreprise (kommunen hentar inn alle delprisar og koordinerer heile prosjektet) og har førespurd om pristilbod på byggevarer i samband med dette. Etter å ha henta inn prisar i august 2008 vart den estimerte kostnaden for løysinga med delt entreprise kr. 2,0 mill. inkl. mva. for tilbygget.

Då kostnaden for tiltaket i eigenregi og kostnaden som munnleg vart oppgjeve av tilbydar var om lag like, bad byggenemnda i møte 14.11.08 administrasjonen gå i dialog med tilbydaren for å avklare det munnlege framlegget. Etter ny tilbodsrunde der vassboren varme vart trekt ut fekk ein inn tilbod på kr. 2.016.000,- inkl. mva. for tilbygget, og kr. 272.000 for rehabilitering. I kostnaden for rehabiliteringsdelen ligg det no berre inne tiltak som er naudsynt for å kunne få ein funksjonell barnehage (sjå vedlegg).

Det er i vedlegg til saka laga til oppsett over dei totale kostnadane ved tiltaket. Byggekostnad for tiltaket (tilbod frå Mjømen og Berge as, tilbygg og rehabilitering) er då kr. 2.288.000,- inkl. mva., i tillegg kjem då kostnad til prosjekt/byggeleing, inventar/utstyr og opparbeiding av uteområdet. Det er og påløpt kostnader i samband med tidlegare anbodsrundar. På møte i byggenemnda 30.01.2009 kom det fram ønskje om varmekablar i allrommet for barna. Dette er tatt med i oppsettet.

I møte 30.01.09 kom byggenemnda fram til å søkje kommunestyret om ekstraløyving for underdekninga i budsjettet, slik at tilbygget, naudsynt rehabilitering og kjøp av inventar og utstyr samt opparbeiding av uteområdet kan gjennomførast.

I mellomtida har kommunen motteke midlar i samband med krisepakka frå Regjeringa. I K.sak 8/09 er det tilrådd å nytte kr. 300.000 inkl. mva. til rehabiliteringsdelen av Byrknes barnehage frå denne tiltakspakka.

Med å nytte kr. 300 000 av krisepakka (via ubunde investeringsfond) og overføre føresett finansiering frå 2008 til 2009 vil prosjektet mangle om lag kr 150 000 på å vere fullfinansiert (jf. vedlegg), til ein samla kostnad på opp mot kr 2,6 mill. Administrasjonen tilrår å lånefinansiere den manglande summen. Alternativet er å vurdere ytterlegare kvalitetsreduksjonar i prosjektet.

I høve framdrift av tiltaket er tilbydar klar til å gå i gang med dette så snart kontrakt er underteikna. Estimert byggetid er sett til 4- 5 mnd..

### **Framlegg til vedtak:**

1. Administrasjonen får fullmakt til å gjennomføre kontraktforhandlingar med Mjømen og Berge Byggeverksemd as og gjennomføre tiltaket med tilbygg av Byrknes barnehage

innanfor ei kostnadsramma på kr. 2.288.000,- inkludert mva. Ordføraren får fullmakt til å underteikne endeleg kontrakt med tilbydar.

2. Investeringsbudsjettet for 2009 vert å regulere slik:

Konto	Tekst	Ansvar	Teneste	Pr	Budsj.endring	Ny budsjettsum
	<b>Nybygg barnehage Byrknes</b>					
02000	Inventar og utstyr	900	22120	430	80 000	80 000
02300	Vedlikehald, nybygg	900	22120	430	1 974 000	1 974 000
04290	Meirverdiavg. utanfor mva-lova	900	22120	430	513 000	513 000
09100	Bruk av lån - inv.rekneskapen	900	22120	430	-1 900 000	-1 900 000
09480	Bruk av ubunde investeringsfond	900	22120	430	-667 000	-667 000

**Behandling og vedtak i Kommunestyret, 18.02.2009:**

Arve Mjømen (H) var ugild, og deltok ikkje i behandlinga av saka.

**Røysting:**

Samrøystes.

**Vedtak:**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 09/90  
Løpenummer: 887/09  
Arkivkode: 056  
Saksbehandlar: Hege-Beth Brosvik

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
<b>7/09</b>	<b>Formannskapet</b>	<b>05.02.2009</b>
<b>10/09</b>	<b>Kommunestyret</b>	<b>18.02.2009</b>

### **IKT-SAMARBEID**

*Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Skatt og rekneskap, her (for budsjettregulering)
- Einingsleiarane (e)

### **Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:**

#### **Sakstilfang:**

Utsende vedlegg:

- E-post frå SYS-IKT, datert 17.11.08
- Samarbeidsavtale for IKT-samarbeidet mellom kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn
- Framlegg til intensjonsavtale felles ikt-drift Nordhordland, motteke 19.01.09

Ikkje utsende vedlegg:

- Notat om felles skuleadministrativt system i SYS-IKT (sendt ut i budsjettsak, 5269/08)
- Notat frå rådmannen til formannskapet, datert 19.11.08 (sendt ut i budsjettsak, 5426/08)

#### **Saksutgreiing:**

Gulen kommune må ta ei vurdering på framtidig IKT-drift og samarbeid med andre kommunar på dette området. Det er fleire årsaker til at dette må gjerast no:

- Bruken av IKT i alle delar av tenesteproduksjonen har auka kraftig dei siste åra, medan IKT-bemanninga ikkje har auka. Ei 50%-stilling, som kommunen har no, er for lite til å dekkje behovet, sjølv med streng prioritering av oppgåver.
- Som medlem av regionrådet i Nordhordland har Gulen fått tilbod om å vere med i oppbygging av felles IKT-drift der (SING-samarbeidet).
- Gulen har også fått tilbod om å verte medlem i IKT-samarbeidet i Sunnfjord og Ytre Sogn (SYS-IKT), jfr. e-post frå Åge KLausen datert 17.11.08.

Eit notat om utfordringane innafor IKT vart lagt fram i samband med sak om økonomiplanen for 2009-2012. I saka vedtok kommunestyret å styrkje IKT-drift med kr 250 000 i 2009, aukande til kr 500 000 årleg frå 2010. Investeringsplanen for IKT legg opp til kr 500 000 kvart år.

Slik administrasjonen ser det har vi 3 alternative løysingar for framtida:

### **1) Bygge opp eiga IKT-avdeling til 150% stilling, for deretter å fortsetje med frittstående IKT-drift utan forpliktande samarbeid med andre.**

Dette alternativet baserer seg på at ein lyser ut ei ny stilling der ein søker etter IKT-leiar/-ansvarleg med god fagleg kompetanse. I utgangspunktet ein positiv tanke for Gulen kommune då det kunne vore ein attraktiv arbeidsplass for personar som ønskjer å flytte til kommunen. Dessverre har tidlegare utlysingar av stillinga som års-vikariat synt at ingen har søkt på denne jobben.

Eit anna moment er at med kun ein person som IKT-ansvarleg er kommunen svært sårbar ved sjukdom og feriar. Det er heller ikkje enkelt å dele arbeidsoppgåvene mellom ulike personar, då ein må kunne litt om mykje for å sjå samanhengar og kunne å løyse problem. Ein må også stadig halde seg oppdatert då ting endrar seg svært fort.

Det mest kritiske for Gulen ved å velje denne løysinga er uansett at vi hamnar utanfor dei tette IKT-samarbeida både nord og sør for oss. Nabokommunane våre legg mykje ressursar i å oppbygging av felles IKT-drift. Desse organisasjonane har eit veldig stort arbeidspress og store utfordringar med IKT-løysingane innanfor sin eigen organisasjon. Dei vil difor ikkje selje enkelt-tenester til kommunar som står utanfor. Dette har Gulen kommune no erfart i nokre år då vi har vore nøydd å innføre IKT-løysingar for pleie og omsorg og no nyleg for barnevern og sosial-tenesta på eiga hand, der vi hadde ønskje om å gjere det saman med kommunane i SYS. Sjølv om vi har fagleg samarbeid med nabokommunar både på opplæring i program m.m. så ønskjer ikkje SYS-IKT å ta ansvar for teknisk drift så lenge Gulen ikkje er fullverdig medlem og betalar for dette på lik linje med dei andre kommunane. Også rådmennene i Nordhordland har gitt uttrykk for at der må ein vere med 100% eller stå utanfor.

### **2) Søke medlemskap i SYS-IKT og dermed redusere eiga IKT-ressurs.**

SYS-IKT er ei felles IKT-eining med 11 tilsette i Førde kommune som forvaltar utstyr og driftsteneste for samarbeidskommunane Askvoll, Solund, Hyllestad, Fjaler, Høyanger, Gaular, Naustdal, Førde og Jølster. Hovudoppgåver er drift/vedlikehald, installasjon, rådgjeving og innkjøp for samarbeidskommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn (SYS kommunane). I tillegg har dei drift/vedlikehald for regionnettet og deler av sikkerheitsløysingane for Gulen og Flora kommune.

IKT-eininga har eksistert sidan 01.01.2005 og har dermed fått nokre år på seg til å verte kjent med kommunane og få i hamn dei viktigaste utfordringane. Som utanforstående kommune har vi ingen god kjennskap til kor godt dette systemet fungerer, men personar vi har snakka med som har vore tilsett t.d. i Hyllestad kommune har positive erfaringar med dette. Vi har også snakka med IKT-ansvarleg i Solund kommune som har vore med frå starten og Høyanger kommune som er nyaste medlem, og berre fått positive tilbakemeldingar frå desse personane. Dei seier at dei ikkje ser noko anna alternativ for sin kommune enn å vere medlem i SYS-IKT.

SYS-IKT jobbar med å flytte alle serverane frå kommunane og inn til den felles IKT-eininga. For å få mest mogleg effektiv drift krev dette at kommunane brukar felles program for dei største systema (t.d. sak/arkiv, kart, økonomi m.m.). Her kan Gulen kommune spare ein del i framtida når vi slepp å investere i eigne servere m.m.

Det mest positive for Gulen ved å vere medlem er at vi får vere med på nye IKT-prosjekt, ofte med tilskot frå Fylkesmannen, som t.d. innføring av felles skuleløyising med skuleadministrativt system og FEIDE (Felles elektronisk identitet). Ein kjem også inn i eit fagleg samarbeidsmiljø som gjer at dei tilsette kjenner kvarandre og både kan hjelpe og vikariere for kvarandre på tvers av kommunegrensene når det er behov for det.

Betre og meir effektive sikkerheitsløyisingar for sikker sone (pleie og omsorg, barnevern, sosial, helse m.m.) er også ein positiv effekt av eit medlemskap.

Står vi på eigne bein utan å ha fagleg kvalifisert personell med nok arbeidskapasitet vil det vere meir krevjande å klare å følgje med på den teknologiske utviklinga som nabokommunane er med på. Det vil også vere meir kostbart å investere på eiga hand, eller lett å la vere å investere viss ein berre ser kortsiktig på dei høge kostnadane.

Ein opplagt positiv effekt ved å vere medlem i SYS-IKT er at det er ei mindre sårbar løyising for kommunen ved feriar og anna fråver av eigen IKT-ansvarleg.

I tilbodet frå SYS-IKT vil Gulen sin andel av årleg driftskostnad verte om lag kr 660 000.

Leiar i SYS-IKT har gitt signal om at dei ikkje har kapasitet til å ta i mot Gulen før hausten 2009/våren 2010. Dermed vil det ikkje vere full årseffekt før tidlegast 2010.

Pålagt investering i felles-serverløyising vil vere ca. kr 500 000.

Noverande samarbeidsavtale er under revisjon og vil bli behandla 30.januar. KS ser på nytt innhald og vil i følgje Åge Klausen føreslå §27 samarbeid i denne prosessen.

Førebels gjeld dokument som ligg ved.

Vi har i same tilbod om felles IKT-drift også fått anslag på kostnad ved 2 prosjekt som SYS-IKT har på gang:

- 1) Oppgradering av Agresso til ny versjon: Investeringsutgift i 2009 ca. kr 90 000
- 2) Innføring av felles skuleløyising: Investeringsutgift i 2009 ca. kr 450 000

Agresso er vi allereie brukarar av og må ta oppgraderingskostnader når dei kjem.

Innføring av felles skuleløyising ser administrasjonen som eit sterkt ynskjeleg prosjekt å vere med på med bakgrunn i skriv frå Kunnskapsdepartementet av 27.03.08 der dei oppmodar kommunane om å innføre FEIDE. FEIDE er den løyisinga som departementet har valt for Skule-Noreg. Planen er at alle skuleeigarar skal ha tilbydd sine skular ei slik løyising innan 2010.

### **3) Vere med på oppbygging av felles IKT-drift i Nordhordland, og auke eiga IKT-ressurs frå 50 til 150% fram til felles driftsorganisasjon er operativ**

SING-samarbeidet i Nordhordaland starta med breidbandsprosjektet for ein del år sidan. Gulen kommune vart ikkje med på den endelege kontrakten med BKK om utbygging av fiber mellom alle kommunane og må difor starte i denne enden før vi kan gå inn på nærare IKT-samarbeid med NH-kommunane. Så lenge vi framleis må ha gode breidbandsliner mot Førde pga økonomisystemet som ligg der, har vi ikkje vurdert det som aktuelt å også ha internt høgfartnett mot kommunane sørover. Ei slik dobbel løyising vil verte kostbart.

SING-kommunane er inne i ein fase der dei ønskjer å bygge opp ei felles sikker sone. Dvs. samle alle servere og fagprogram innanfor pleie og omsorg, barnevern, sosialtenesta/NAV, PPT og andre sensitive system. Deretter er dei nøydd til å bygge opp ein felles IKT-driftsorganisasjon. Det vert ikkje noko god løyising at IKT-tilsette i ulike kommunar jobbar inne på ein felles datasentral. Rådmennene i Nordhordland jobbar no med denne saka. Når

dette er på plass begynner SING-modellen å bli ganske lik SYS-IKT, men ligg sjølvsagt nokre år etter.

### **Konklusjon:**

Vi ser positive og negative sider med å melde seg inn i eit IKT-samarbeid. Erfaringane med FØYS-samarbeidet på økonomisystem har ikkje berre vore positive. Likevel vurderer vi det slik at det er naturleg å melde seg inn i eit IKT-samarbeid når vi uansett må gjere noko med eiga IKT-drift.

Generelt er det vanskeleg å sei noko konkret om økonomiske konsekvensar av å vere medlem i eit samarbeid samanlikna med lokal løysing med auka bemanning.

Det vil verte lågare utgifter pga:

- Mindre lønsutgifter lokalt
- Mindre investeringar i eige utstyr
- Meir moderne og effektive IKT-løysingar
- Meir stabilt IKT-system

Det vil verte auka utgifter pga:

- Medlemsavgift (løn, felles utstyr, felles datarom, felles lisensar m.m.)
- Større prosjekt kan medføre ”oppblåste” kostnader
- Meir reiseutgifter ved felles opplæring m.m.
- Felles innkjøp som nokre kommunar eller ikt-eininga krev, må andre kommunar vere med på

Administrasjonen vurderer det som klart ynskjeleg å velje SYS-IKT framfor Nordhordland, fordi:

- Gulen kommune er allereie delvis inne i SYS-IKT då vi har felles kommunikasjonsløysing (Eninvest sitt breidbandsnett), sikkerheitsløysing (brannmurar, antivirus, spamfilter m.m.) og felles økonomisystem Agresso med SYS-kommunane.
- SYS-IKT-samarbeidet er kome ein god del lenger enn SING.
- Gulen kommune har flest faglege samarbeidsprosjekt i Sogn og Fjordane.

Tidspunkt for medlemskap i SYS-IKT er uvisst, og kan tidlegast skje haust 2009. Vi legg førebels til grunn at driftsbudsjettet i 2009 held. Investeringane er føresett gjennomførte haust 2009, med unnatak for halve utgifta med felles-serverløysing, som truleg kan gjennomførast innafør ramma i økonomiplanen i 2010. Investeringsramma må aukast i 2009. Kr 500 000 i auke vil truleg vere nok til å oppfylle investeringsplikter i SYS-IKT og samstundes gjere heilt naudsynte investeringstiltak lokalt.

### **Framlegg til vedtak:**

1. Gulen kommune søker om medlemskap i SYS-IKT, og vil også vere med på innføringa av felles skuleløysing.
2. Investeringsbudsjettet for 2009 vert å regulere slik:

Konto	Tekst	Ansvar	Teneste	Pro	Budsj.endring	Ny budsjettsum
	<b>IKT-investering adm.</b>					
02000	Inventar og utstyr	900	12052	110	500 000	1000 000
09100	Bruk av lån - inv.rekneskapen	900	12052	110	-500 000	-500 000

**Behandling og vedtak i Formannskapet, 05.02.2009:**

**Røysting:**

Samrøystes.

**Vedtak:**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

**Behandling og vedtak i Kommunestyret, 18.02.2009:**

**Røysting:**

Samrøystes.

**Vedtak:**

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 08/1191  
Løpenummer: 888/09  
Arkivkode: 232 &16  
Saksbehandlar: Kjell A. Reigstad

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
11/09	Kommunestyret	18.02.2009

### **EIGEDOMSSKATT - JUSTERING AV SATSAR OG FRITAK ETTER § 7**

*Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Eigedomsskattekontoret, her

#### **Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:**

#### **Sakstilfang:**

Ikkje utsende vedlegg:

- Budsjett 2009/økonomiplan 2009-2012 – K.sak 74/08, datert 11.12.08
- Eigedomsskattelova

#### **Saksutgreiing:**

I K.sak 74/08 vart gjort slikt vedtak med omsyn til eigedomsskatt:

"4. Med heimel i Eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert det frå 2009 skrive ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i Gulen kommune (jf § 4). Skattesatsen blir fastsett til 7 promille. I medhald av § 12 a) får bustaddelen i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar ein skattesats på 5 promille. For bustaddelen av eigedomar (gjeld og fritidseigedomar) som ikkje vert nytta til næringsverksemd gjeld et botnfrådrag på kr 50 000 kroner av takstverdien. Eigedomsskatten skal betalast i to terminar; april og oktober i skatteåret. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen vedtekne skattevedtekter. Etter eigedomsskattelova § 7 kan ymse grupper verte fritatt for eigedomsskatt. Eventuelle fritak etter § 7 vert avgjort i kommunestyret før utløpet av mars 2009. Økonomiplanen 2009-2012 inneheld inntekter frå generell eigedomsskatt eks. verk og bruk på kr 4 mill. kvart år. Eventuelle justeringar av skattesats, botnfrådrag og fritaksreglar vil ta sikte på at inntektene skal liggje nærast mogleg opp til dette inntektsnivået."

Eigedomsskattelova gjev slike reglar for fritak i § 7:

"§ 7. Kommunestyret kan fritaka desse eigedomane heilt eller delvis for eigedomsskatt:

- a) Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten.
- b) Bygning som har historisk verdi.
- c) Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære. Fritaket kan gjelda i opptil 20 år frå den tida bygningen vart ferdig. Formannskapet eller det utvalet som er nemnt i kommuneloven § 10, kan få fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.
- d) Bygning og grunn i visse luter av kommunen."

Etter § 7 a) er det aktuelt å gje fritak for eigedommar som er eigde av lag/organisasjonar og som vert nytta til ålmenne føremål. Fylkeskommunale vegar fell og inn under dette punktet,

medan statlege eigedomar til ålmennyttige føremål, kyrkjer og kommunale eigedommar har automatisk fritak etter § 5.

Etter § 7 b) vil det m.a. vere aktuelt å vurdere fritak for Sellevåg treskofabrikk, Lovisendal, Skjerjehamn og tønnefabrikken i Dingja.

§ 7 c) gjeld heilårsbustader. Tilbygg og omfattande restaureringstiltak på eksisterande bygningar bør vurderast sidestilt med oppføring av ny einebustad. I så fall kan det vere hensiktsmessig å setje ei nedre kostnadsgrense.

§ 7 d) vert vurdert som lite aktuell i Gulen.

Alle fritak og frådrag fører til omfordeling av skattebyrden, gitt at målet er å få inn ein fast totalsum. Difor bør alle fritak vurderast nøye i høve til rettferd, økonomisk fordelingsverknad og målsettingar i kommunen. Dette er i stor grad ei politisk vurdering. Administrasjonen har lagt til grunn at fylkesvegar og kulturbygg/idrettsanlegg/grendahus vert fritatt etter § 7 a) og Sellevåg treskofabrikk, Lovisendal og våningshuset på Skjerjehamn etter b). Desse fritaka "kostar" lite på grunn av låg marknadsverdi på objekta.

Når det gjeld c) tilrår administrasjonen ei grense på 10 år, og at tilbygg og omfattande restaurering vert likestilt med nybygg, med ei nedre grense på kr 500 000. Bustader med fastbuande som er oppførte eller vesentleg oppgraderte frå 1999 til no vil då sleppe eigedomsskatt i 2009, med eit stipulert inntektstap for kommunen på rundt kr 125 000, som må fordelast på attverande skatteytarar.

I budsjettsaka vart sett ein sats på "*bustaddelen i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar ein skattesats på 5 promille*". Med 2/3 av eigedomane i kommunen ferdig dataregistrerte ser det ut til at ein sats på 2,1- 2,2 promille for nemnde kategori vil vere nærast til å oppnå målet om kr 4 mill. i eigedomsskatt på nytakserte eigedommar, føresett at fritaksreglane vert om lag som administrasjonen si tilråding, og at botnfrådraget vert som i budsjettsaka. Kvar tidels promille utgjer om lag kr 200 000 i skatteinntekt.

### **Framlegg til vedtak:**

Slike endringar vert gjort i høve til vedtak i K.sak 74/04, punkt 4., når det gjeld fritak frå eigedomsskatt etter § 7 i eigedomsskattelova og justering av skattesats:

1. I medhald av § 12 a) får bustaddelen i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar ein skattesats på 2,2 promille.
2. Desse eigedommane får fritak etter § 7 a) i eigedomsskattelova:
  - a. Alle fylkesvegar
  - b. Asheim grendahus, Austgulen grendahus, Brandangersund samfunnshus, Breidvik/Bålen grendahus, Dalsgrend grendahus, Ungdomshuset Vårtun, Grendahuset Gulatun, Hisarøy grendahus, Mjømna bygdehus, Nordgulfjorden grendahus, Oppedal grendahus, Sande grendahus, Byrknes samfunnshus, Brekke stadion, Eivindvik stadion, skyteanlegg på Henriksbø, skyteanlegg på Tjørnleite, skyteanlegg på indre Oppedal, Brekke MC sitt lagshus på Ortneset
3. Desse bygningane får fritak etter § 7 b) i eigedomsskattelova: Sellevåg treskofabrikk på gbnr. 76/3, Lovisendal på gbnr. 130/4 og våningshuset på Skjerjehamn på gbnr. 85/2.
4. Desse bygningane får fritak etter § 7 c) i eigedomsskattelova: Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære (heilårsbustad), og som er oppført eller rehabilitert etter 01.01.1999 til ein kostnad på minst kr 500 000.

## **Behandling og vedtak i Kommunestyret, 18.02.2009:**

### Nytt sakstilfang utdelt på møtet:

- Eigedomsskatt, status pr 18.02.09

Administrasjonen presenterte slikt nytt framlegg til vedtak i saka etter kvalitetssikring og utifrå oppdaterte tal etter innlegging av fleire eigedommar i KOMTEK (database):

5. I medhald av § 12 a) får bustaddelen i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar ein skattesats på 2,5 promille.
6. Desse eigedommane får fritak etter § 7 a) i eigedomsskattelova:
  - a. Alle fylkesveggar
  - b. Asheim grendahus, Austgulen grendahus, Brandangersund samfunnshus, Breidvik/Bålen grendahus, Byrknes samfunnshus, Dalsgrend grendahus, Grendahuset Gulatun, Hisarøy grendahus, Mjømna bygdehus, Nordgulfjorden grendahus, Oppedal grendahus, Sande grendahus, Sygnefest grendahus, Sørøyane grendahus, Takle grendahus, Ungdomshuset Vårtun, Brekke stadion, Eivindvik stadion, skyteanlegg på Henriksbø, skyteanlegg på Tjørnleite, skyteanlegg på indre Oppedal, Brekke MC sitt lagshus på Ortneset
7. Desse bygningane får fritak etter § 7 b) i eigedomsskattelova: Sellevåg treskofabrikk på gbnr. 76/3, Lovisendal på gbnr. 130/4 og våningshuset på Skjerjehamn på gbnr. 85/2.
8. Desse bygningane får fritak etter § 7 c) i eigedomsskattelova: Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære (heilårsbustad), og som er/blir oppført eller rehabilitert etter 01.01.1999 til ein kostnad på minst kr 500 000, dokumentert etter faktura.

### **Nye framlegg:**

#### Frå KRF v/Kirsti Hjellum:

Tillegg i punkt 2b.:

Brekke bedehus, Byrknes bedehus, Dalsøyra bedehus, Fivelsdal bedehus.

#### Frå H v/Ivar Eide:

Tillegg i punkt 3.:

- Tønnefabrikken, Dingja
- Dykkarsenteret, Guløy
- Gamlebanken, Eivindvik
- Lager m/butikk, Skjerjehamn

#### Frå SP v/Øyvind Lid:

- Siste setning i punkt 4. blir endra til:

" og som er/blir oppført eller rehabilitert etter 01.01.1989 til ein kostnad på minst kr 500 000."

- Som ny setning vert tilført:

"Fritaket gjeld i 20 år frå den tid bygningen er/vart ferdig/rehabilitert."

### **Røysting:**

Det vart røysta punktvis.

Punkt 1. vart vedteke mot 4 røyster (H).

Framlegget frå KRF til tillegg i punkt 2 b. vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå H til tillegg i punkt 3. fekk 5 røyster (H og Kjell Oddvar Stendal, KRF) og fall.

Første strekpunkt av framlegget frå SP fekk 10 røyster (H og SP) og fall.

Andre strekpunkt av framlegget frå SP vart vedteke mot 3 røyster (V).

**Vedtak:**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak, med tillegg frå KRF og SP (andre strekpunkt), vert godkjent.

Etter dette er vedtaket slik:

1. I medhald av § 12 a) får bustaddelen i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar ein skattesats på 2,5 promille.
2. Desse eigedommane får fritak etter § 7 a) i eigedomsskattelova:
  - a. Alle fylkesvegar
  - b. Asheim grendahus, Austgulen grendahus, Brandangersund samfunnshus, Breidvik/Bålen grendahus, Byrknes samfunnshus, Dalsgrend grendahus, Grendahuset Gulatun, Hisarøy grendahus, Mjømna bygdehus, Nordgulfjorden grendahus, Oppedal grendahus, Sande grendahus, Sygnefest grendahus, Sørøyane grendahus, Takle grendahus, Ungdomshuset Vårtun, Brekke stadion, Eivindvik stadion, skyteanlegg på Henriksbø, skyteanlegg på Tjørnleite, skyteanlegg på indre Oppedal, Brekke MC sitt lagshus på Ortneset, Brekke bedehus, Byrknes bedehus, Dalsøyra bedehus, Fivelsdal bedehus
3. Desse bygningane får fritak etter § 7 b) i eigedomsskattelova: Sellevåg treskofabrikk på gbnr. 76/3, Lovisendal på gbnr. 130/4 og våningshuset på Skjerjehamn på gbnr. 85/2.
4. Desse bygningane får fritak etter § 7 c) i eigedomsskattelova: Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære (heilårsbustad), og som er/blir oppført eller rehabilitert etter 01.01.1999 til ein kostnad på minst kr 500 000, dokumentert etter faktura. Fritaket gjeld i 20 år frå den tid bygningen er/vart ferdig/rehabilitert.

Saknummer: 09/176  
Løpenummer: 889/09  
Arkivkode: 216  
Saksbehandlar: Harald Haugejorden

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
12/09	Kommunestyret	18.02.2009

### SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL - FRAMTIDIG ORDNING

*Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- SEKOM-sekretariat, 6957 Hyllestad

#### **Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:**

##### **Sakstilfang:**

Utsende vedlegg:

- Skriv frå SEKOM, datert 13.01.09

Ikkje utsende vedlegg:

- K.sak 64/08, datert 11.12.08

##### **Saksutgreiing:**

8 av 11 eigarkommunar av SEKOM har no sagt opp samarbeidsavtale om sekretariat for kontrollutval frå 2010. Gulen kommune ynskte i utgangspunktet å halde fram med noverande ordning. I K.sak 64/08 gjorde Gulen kommunestyre slikt vedtak:

*"Gulen kommune godkjenner samarbeidsavtale og vedtekter for SEKOM-sekretariat 2010-2014, og ynskjer å inngå avtale om å forlengje noverande organisering av sekretariatstenestene for kontrollutvala i Ytre Sogn og Sunnfjord med 5 år.*

*Dersom andre kommunar ynskjer å fråtre samarbeidet, må kommunestyret behandle avtalen på nytt."*

I og med oppseiingsvedtaka som er gjort, må kommunestyret ta opp att saka. Administrasjonen ser det som vanskeleg å tilrå framhald i eit selskap som er organisert og dimensjonert for eit langt høgare omsetnadsnivå enn det som vert frå 2010, og tilrå difor oppseiing.

Styret i SEKOM, som hadde møte 12.01.09, vedtok i sak 2/09 å be eigarkommunane om tilslutnad til at arbeidet med avvikling av selskapet vert starta opp snarast. Dagleg leiar har sin siste arbeidsdag før han vert pensjonist 28. februar, og styret ser det som vanskeleg å få til forsvarleg drift ut 2009 på dette grunnlaget. Bemanninga går ned frå 2,5 til 1,5 stilling når dagleg leiar fråtrer.

Administrasjonen har forståing for at styret ynskjer å starte arbeidet med avvikling no. Denne prosessen vi ta noko tid, og det mest ynskjelege for Gulen kommune, gitt den massive

utmeldinga, vil etter administrasjonen si vurdering vere ynskjeleg at samarbeidet vert avslutta seinast pr 31.12.2009.

SEKOM-sekretariat har av Gulen kommune vore sett på som ei kvalitativt god, tenleg og kostnadseffektiv løysing, og det har difor ikkje vore brukt ressursar på å vurdere andre alternativ dei siste åra. Med den situasjonen som no har oppstått vil det truleg vere ynskeleg å vurdere samarbeidsløysingar både nord- og sørover i framtida. Ei slik vurdering bør og omfatte revisjonstenester.

**Framlegg til vedtak:**

1. Gulen kommune seier opp avtalen om deltaking i det interkommunale samarbeidet om sekretariat for kontrollutvalet (SEKOM).
2. Utifrå den store oppslutninga om oppseiing av samarbeidsavtalen, ser Gulen kommune det som ynskjeleg at arbeidet med avvikling av selskapet vert oppstarta alt no.

**Behandling og vedtak i Kommunestyret, 18.02.2009:**

**Røysting:**

Samrøystes.

**Vedtak:**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.